



Dåpsbarna Mari, Håvard, Ellen Emilie og Jonas saman med foreldra sine og sokneprest Lina Håland.

Ei mest fullsett kyrkje var i dag vitne til at fire born vart borne til dåpen under ei varm og vakker gudsteneste i Uskedal kyrkje. Det vert ekstra høgtid med så mange dåpsbarn, men i tillegg skal sokneprest Lina Håland, klokkar Oddbjørg Heimark og organist Eva Megyesi ha sin del av æra for den gode og varme stunda kyrkjelyden fekk oppleva.



Det var så godt som fullsett kyrkje som overvar gudstenesta i dag.

Dåpsermoniane med sokneprest Lina Håland er rørende vakre. Når ho tar dåpsbarna på armen og syng velsingna skaper ho øyeblikk som verkeleg festar seg for ettertida. Dei fire som vart døypte var:

- Mari Lunde Sandal, dotter til Ingeborg Lunde og Even Sandal som er busett i Dimmelsvik.
- Jonas Maurangnes Revheim, son til Eirun Maurangnes og Idar Revheim som bur i Rosendal.
- Ellen Emilie Eik, dotter til Ellen Alexandra Riggs og Morten Myhre Eik som bur på Stord.
- Håvard Bakke Skåle, son til Olaug Bakke og Per Helge Skåle som bur i Dimmelsvik

Å vera vitne til at så mange som fire vert borne til dåpen i same gudsteneste, er verkeleg fint. Likevel er det langt frå rekord. Seinast 18.juni i fjor vart 5 born døypte, og 4. april 1993 vart heile åtte døypte i same gudsteneste. Om eg ikkje hugsar feil, var mor til ei av dei som vart døypte i dag, Ingeborg Haugland Lunde), dåpsbarn den dagen.



Det er rørende vakkert når Lina syng velsinginga til dåpsbarna.

Barna var i sentrum i denne gudstenesta. Før sokneprest Lina Håland byrja preika si, invitert ho barna som var i kyrkja, til å kome fram og bruka teiknesakene som vart lagt fram. 'Det kan vera lurt om de kanskje skulle synast preika mi vert litt lang og kjedeleg,' som soknepresten sa det. Ho la til at undersøkingar viste at barna fekk like mykje med seg om dei koste seg med t.d. teikning medan preika pågjekk.

Den fine gudstenesta vart avslutta med eit nydeleg postludium framført av vanleg høg Eva Megyesi-kvalitet. Etter dette var det heilt naturleg at den gode stunda var avslutta med taktfast og glad applaus.

Neste gudsteneste i Uskedal kyrkje vert 26.august. Før det er det orgelkonsert med Eva Megyesi mandag 20.august kl.19. Då vil også mannskorgruppa 'Bakmennene' medverka.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland